

KRETSTINGET 2026

**Det vert med dette innkalla til kretsting i
Møre og Romsdal Friidrettskrets
på Vestnes Fjordhotell laurdag 14. Mars kl. 12.00.**

Årsmøtet vert innkalla i samsvar med lova for Møre og Romsdal Friidrettskrets som ligg ved innkallinga.

Etter lova skal forslag som ein ynskjer handsama eller saker som ein ynskjer drøfta, vere kretsstyret i hende innan 28. februar.

Endeleg sakliste vil bli sendt på e-post til laga ei veke før tinget saman med årsmelding og rekneskap. Desse dokumenta vil samstundes bli gjort tilgjengelege på kretsen sine nettsider.

Representasjon:

Alle laga i kretsen kan møte med ein representant på tinget. Men lag i kontingentgruppe III kan møte med to representantar og laga i kontingentgruppe IV og V, vil kunne møte med tre representantar. Ver obs på kjønnsfordeling (jfr. kretsen si lov §5). Begge kjønn skal vere representerte dersom ein møter med to eller tre representantar.

Fullmakter:

Fullmaktene skal vere underskrivne av idrettslaget sin leiar, og skal sendast inn til kretsen saman med påmeldinga.

Representantar skal vere valde på siste årsmøte i laget, eller oppnemnde av styret etter fullmakt.

Påmelding av representantar må skje innan 9. mars til mrfriidrett@friidrett.no

Kretsstyret tek gjerne imot framlegg på personar som fortener ei påskjøning for sin innsats i krets eller lag. Meld forslag til kretskontoret: mrfriidrett@friidrett.no innan 23. februar.

VEL MØTT TIL KRETSTING PÅ VESTNES

Ørsta/Hareid 04.02.26

Anita Almestad Kristiansen
Dagleg leiar

Olav Sindre Rise
Kretsleiar

Norsk Friidrett Møre og Romsdal

Dokumentet er elektronisk godkjent utan signatur

